

## **Europaparlamentet: Storleiken på gruppene klare - val av parlamentspresident utsett til 3. juli**

27. juni 2019

- *Storleiken på gruppene i det nye Europaparlamentet er nå klar og gruppene har vald leiarar*
- *Dei fire sentrumsgruppene har så langt berre fem MEP færre enn inneverande periode, men den relative styrken til gruppene er endra*
- *Den nye ytre høgre-gruppa Identitet og Demokrati blir den femte største gruppa i EP*
- *Gruppene er i ferd med å fordele medlemmer og leiarverv i komiteane i EP og komiteane vil konstituere seg 8. – 11. juli.*
- *Val av ny parlamentspresident utsett frå 2. til 3. juli for å gje medlemslanda meir tid til drøftingar av leiarkabalen i EU*

Det nye Europaparlamentet er i ferd med å konstituere seg. Valet førte mellom anna til at ein del nasjonale parti som ikkje var representert i inneverande periode, kom inn i Europaparlamentet. Ein del av desse har nå vald gruppe. Dei fleste av gruppene blir vidareført, men den liberale gruppa (ALDE) har fått med seg dei franske MEP frå La République En Marche! og skifta namn til Renew Europe (RE). Det er danna ei ny ytre høgre-gruppe som heiter Identitet og Demokrati (ID). Korkje Brexitpartiet og Femstjernersrørsla er så langt ikkje knytt til noko gruppe.

Fordelinga av mandat mellom gruppene ser nå slik ut:

<b>Gruppe</b>	<b>Gruppeleiari etter valet</b>	<b>Tal på MEP frå 1. juli</b>	<b>Tal på MEP inntil 1. juli</b>
EPP (Sentrum-høgre)	Manfred Weber (Tyskland)	182	216
S&D (Sentrum-venstre)	Iratxe García (Spania)	154	187
Renew Europe (tidlegare ALDE)	Dacian Ciolos (Romania)	108	69
Dei grøne/ALE	Ska Keller (Tyskland) og Philippe Lamberts (Belgia)	75	52
Identitet og Demokrati	Marco Zanni (Italia)	73	-
ECR (Konservativ gruppe)	Ryszard Legutko (Polen) og Raffaele Fitto (Italia)	62	77
GUE/NGL (Ytre venstre)	João Ferreira (Portugal), Marisa Matias (Portugal), Martin Schirdewan (Tyskland) og Nikolaj Villumsen (Danmark)	41	52
MEP utan gruppe		57	20

Det er 751 MEP i Europaparlamentet. EPP og S&D som til saman hadde 403 MEP i førre periode, mista sitt fleirtal ved valet. RE og Dei grøne gjekk fram. Desse fire partigruppene får til saman 519 MEP, mot 524 nå. Dette er ein langt mindre tilbakegang for sentrum enn det mange hadde spådd før valet. Det er som alltid stor spennvidde internt i dei ulike gruppene. EPP famnar t.d. det ungarske regjeringspartiet Fidesz og tidlegare statsminister Silvio Berlusconi frå Italia. Ei større liberal gruppe betyr at denne gruppa også har fått fleire interne spenningar. Den grøne gruppa blir av mange vurdert som svært godt koordinert. Samstundes kan det vere ei utfordringa at den med unnatak av ein estisk MEP, ikkje har medlemmar frå landa aust i EU.

Med italienske Lega (28 MEP) i spissen er den nye ytre høgre-gruppa Identitet og Demokrati danna. Den omfattar ein del andre parti som tidlegare også var i ENF-gruppa – ikkje minst franske Nasjonal Samling (22 MEP). Frå Norden har både Sannfinnane (2 MEP) og Dansk Folkeparti (1 MEP) sluttat seg til den nye gruppa, medan Sverigedemokratane (3 MEP) fortsatt er med i ECR. Alle dei tre partia har vore med i den konservative gruppa ECR fram til nå. ECR har tidlegare vore prega av mange britiske konservative. Toryane har berre 4 MEP i det nye parlamentet (mot 19 nå), medan det polske regjeringspartiet vil dominere med 26 MEP. ECR går samstundes frå å vere tredje største gruppe til nest minst.

Ytre venstre gruppa GUE/NGL gjekk tilbake med 11 mandat. Det kan synes som dette har skapt spenningar internt. I alle fall har den brukt lang tid på å velje gruppeleiarar. Den har til slutt samla seg om ei leiargruppe på fire, men skriv i ei pressemelding at «The group will assess the arrangement over the coming weeks.»

Korkje det britiske Brexitpartiet (29 MEP) eller Femstjernersrørsla (14 MEP) er så langt med i noko politisk gruppe. Ei gruppe i EP må omfatte minst 25 MEP, 7 land og ha ein viss grad av felles politisk plattform. Ingen av dei to partia har ikkje klart å finne nok andre nasjonale parti som vil samarbeide så langt. Det har kome fram at den italienske Femstjernersrørsla har sondert med fleire grupper om tilknyting, inkludert GUE/NGL. Partiet har i den nåverande perioden vore i ytre høgre-gruppa EFDD saman med mellom anna det britiske sjølvstendepartiet (UKIP). UKIP fekk ingen MEP ved valet i mai og tidlegare gruppeleiarar for EFDD Nigel Farage vil nå representere Brexitpartiet. Onsdag kom meldingar om at Europaparlamentet meiner Farage har brote med EPs interne retningsliner fordi han ikkje har meldt inn ei pengegåve på 450000 pund frå ein britisk forretningsmann.

Alle gruppene har nå altså har vald leiarar (og ei rekke nestleiarar). Tyskland har stadig topprepresentasjon i 3 av 7 grupper. I den perioden som nå går mot slutten har det vore tysk leiing også i S&D og GUE/NGL hadde berre ein leiar og denne var også tysk. Kjønnsbalansen blant gruppeleiarane er nokså skeiv.

Gruppene har kome langt i fordelinga av medlemmer til dei ulike komiteane og leiarverv i dei 20 faste komiteane (og 2 underkomitear). Det blir også gjort enkelte justeringar i kor mange medlemmer kvar komité får. Både industri-, forskings- og energikomiteen (ITRE) og miljø-,

helse- og matsikkerheitskomiteen (ENVI) blir større enn i førre periode. Den relative fordelinga til kvar gruppe i den enkelte komité reflekterer i hovudsak gruppestørleiken, men med unnatak. T.d. har RE ynskt fleire medlemmer i ENVI enn i utanrikskomiteen (AFET) sjølv om AFET i absolutte tal er ein større komité.

Politico melder elles at EPP ser ut til å få leiarvervet i ITRE, budsjettkontrollkomiteen (CONT) og kultur- og utdanningskomiteen (CULT), S&D får finanskomiteen (ECON) og utanrikshandelskomiteen (INTA), RE leiarvervet i ENVI, Dei grøne indre marknads- og forbrukarvernkomiteen (IMCO) og ECR budsjettkomiteen (BUDG). Dei fleste av komiteane konstituerer seg 9. – 12. juli og den endelege fordelinga av leiarverv blir da klar.

Europaparlamentet har også ei rekke delegasjonar med ansvar for ulike geografiske område, inkludert ein delegasjon med ansvar for Sveits, Island, Noreg, EØS og nordområda. Fordelinga av medlemmer til delegasjonane ventes også å bli klar nå i juli, men delegasjonane vil truleg ikkje konstituere seg før i september.

Europaparlamentet har sin fyrste plenumssesjon i Strasbourg 2. – 4. juli. Det viktigaste punktet på dagsordenen er val av parlamentspresident. Dette valet er nå flytta frå 2. til 3. juli for å gje EUs stats- og regjeringsjefar meir tid til å drøfte kabelen for fordeling toppjobbane i Brussel, ikkje minst vervet som kommisjonspresident. Etter planen skal Europaparlamentet votere over medlemslandas framlegg til kandidat til dette vervet på neste samling i Strasbourg, 15. – 18. juli. Det står att å sjå om Europaparlamentet (og ikkje minst EPP) vinn fram med sitt synspunkt om at kommisjonsresidenten må vere ein toppkandidat frå valet. Medlemslanda vart ikkje samde om leiarkabalen på toppmøte 20. og 21. juni og møtes til ekstraordinært toppmøte 30. juni. I tillegg til verva som president i Europaparlamentet (for to og eit halvt år) og Kommisjonen (for fem år), skal også verva som president i Det europeiske råd (for to og eit halvt år) og høgrepresentant for utanrikssaker (for fem år) fordelast. Det skal også utnemnast ein ny president i den europeiske sentralbanken (for åtte år).

Med helsing

Per S. Nestande

seniorrådgjevar  
Stortingets Brussel-kontor  
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11  
Mobil: +47 917 68 598

E-post: [psn@stortinget.no](mailto:psn@stortinget.no)